



Helsedirektoratet
Postboks 7000 St. Olavs plass
0130 OSLO

Oppmoding om pålegg - Meland kommune - ekstra turnusstilling for lege - 010917

Fylkesmannen ber direktoratet pålegge Meland kommune å opprette ekstra turnusstilling for lege frå 1. september 2017, slik at kommunen tar imot to turnuslegar totalt. Dette er for å ivareta behovet for turnusstillingar i kommunane for denne perioden.

Slik vi kjenner Meland kommune, er det fagleg grunnlag for å ta imot ein turnuslege i tillegg til den turnuslestillinga kommunen har i dag. Kommunen har gitt tilbakemelding om ei utfordrande situasjon når det gjeld kontorplass, men melder òg at det vil vere kortare periodar og enkeltdagar med ledig kontor.

Vi ber direktoratet pålegge kommunen å søke konkrete, praktiske løysingar for dei periodane det ikkje er ledig kontor. Det kan til dømes vere å sette turnuslegen på andre kommunale oppgåver delar av tida, vurdere på ny korleis ein kan utnytte dei lokala ein disponerer og elles gjere det som er nødvendig for å ta imot turnuslegen.

Med helsing

Sjur Lehmann
Assisterande fylkeslege

Åsne Hagen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug